



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2092 - 19/17594

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
04.06.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 113/4 m fl

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 131/4
Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av løyve til etablering av vassleidning .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi stiller spørsmålet: Er dette ei endring eller eit nytt tiltak? Det ser ut som anlegget startar i den tidlegare godkjende kum V2 på gbnr 131/5, men går ut i nytt borehol. Ilandføring på gbnr 131/77 er på næringsareal, men arealet er markert som viktig kulturområde i Kommunedelplan for Alverstraumen. Det same gjeld for gbnr 131/31 der den søndre leidningssløyfa kjem i land:

3.2.4 Kulturminne, jfr pbl § 20-4, 2.ledd, bokstav b

Ved planlegging eller prosjektering av nye tiltak skal det takast omsyn til eksisterande kulturminne. Der kulturminnet har lokal arkitektonisk verdi skal dei innarbeidast i prosjektet sitt hovudgrep som eit estetisk identitetsskapande element.

Nye tiltak etter lova skal lokaliserast og utformast med ein god estetisk kvalitet slik at verneverdige objekt ikkje vert berørt.

3.3 Kulturminne i byggeområde

Kommunen pliktar å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje-freda byggverk eller anlegg som er ført opp før 1850 til Hordaland fylkeskommune for vurdering, jfr. kulturminnelova § 25.

Retningslinjer

- Det er utarbeidd temakart som viser eldre og nyare kulturminne i planområdet. Dersom det er aktuelt med tiltak i nærleiken av desse,

bør det også takast omsyn til dei nyare kulturminna (ført opp etter 1850).

- Søknad om tilbygg m.m. på verneverdig bygningsmasse, bør sendast til kulturvernmynde dersom det medfører konsekvensar for verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.
- Vert det aktuelt med tiltak innanfor område som i plankartet er merka med symbol for viktig kulturområde, vil kommunen krevje at det vert utarbeidd reguleringsplan i samsvar med plan- og bygningslova § 27 – 1. Informasjon om konklusjonar som er kome fram gjennom prosjektet ”den indre farleia”, bør leggjast til grunn i arbeidet. Omfanget av planen bør vurderast, men areala bør regulerast i ein heilskap. Dette gjeld følgjande område:
 - Tidlegare ”Sellevoll plast” og bustadhusa som ligg ved tilførselsvegen til anlegget.
 - Området som strekkjer seg frå det gamle senteret i Alverstraumen, og sør mot brua.

Det går ikkje fram av søknaden korleis arbeidet skal utførast på desse to siste plassane. Her må de leggja fram ei detaljert utgreiing med søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan og Pbl § 1-8, og vi må senda saka på høyring for å få ei kulturfagleg vurdering frå Hordaland Fylkeskommune .

Tidlegare Sellevoll Plast



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.07.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS Lindås kommune v/Teknisk drift	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---	--------------	------	--------

Mottakarar:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------